

Til den det gjeld i Alver kommune.

Følgjande er ein klage på vedtak som gjeld oppheving av vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt, retta mot gards og bruksnummer 219/1, Vike camping og marina og Steffan Vike. Saksnr. 21/8772 - 23/20600.

Den fjortande oktober 2021 melde underteikna inn ei sak til miljø og tilsynsavdelinga. Der oppmoda eg om at dei såg på saka kring Vike camping, då dei nye eigarane der, ikkje dreiv på lovleg vis. Avdelinga starta prosessen med eigarane om å avvikla den ulovlege drifta, bygg, inngrep, brygger Osb. 08.06.22 Sende kommunen varsel om pålegg og tvangsmulkt til eigarane, etter at dei hadde vore på synfaring. Kommunen sette rimelege fristar for opphøyr av ulovleg bruk, og tilbakeføring eller legalisering av forhold. Etter klageprosessen var ferdig kuliminerte prosessen med at avdelinga oppheva vedtaket om tvangsmulkt på uforståeleg vis.

15.09.20 Søkte Vike camping og marina om konsesjon på eigedomen. Kjøpsdato må då vere maksimum 4 veker tidlegare. Sidan den gong har kjøparane drive campingplassen i strid med lova. Og det med fullt overlegg. Eg las sjølv salsoppgåva og taksten på eigedomen. Det var ettertrykkeleg nemnt fleire gongar at kjøpar må belage seg på ein lang prosess med kommunen for å få legalisert området, eller risikere å måtte rive alt saman. Dei kommunale sakspapira frå tidlegare, blant anna frå 2011, var lagt ved. Altså skal det over måte mykje til at kjøparane ikkje visste at å drive campingen var ulovleg. Når ein i tillegg ser på samansetningen av eigarane der to er advokatar og to er store eigedomsinvestorar, er all tvil fjerna på dette punktet.

Det såg ikkje ut til at kommunen sine pålegg og varsel om tvangsmulkt hadde effekt på drifta av campingen. Ikkje før vinterferien 2023. Då var det ikkje meir enn nokre få spikartelt det var folk i, i motsetnad til tidlegare feriar med godt vær, som det no var. Endeleg såg ein at det verka. Og årsaken til det er klår. Like før vinterferien gav kommunen beskjed om at første rekning på tvangsmulka ville verta sendt ut om kort tid. Fyrst då stoppa dei drifta. I bestefall kan ein kalla dette spekulativt. Men stansen i drifta vart meget kortvarig. I påska var det full campingplass igjen. Då hadde kommunen oppheva vedtaket mot eigarane. I dag 25.04.23 er det ulovleg drift på campingen. Som det har vore alle dagar sidan dei nye eigarane tok over.

Grunnen til at miljø og tilsynsavdelinga oppheva vedtaket er, etter mitt syn, spektakulær/ufatteleg. Søren Helligsøe som er dagleg leiar i Vike camping og marina AS, sa at det var han som var eigar av gards og bnr. 219/1 og at pålegga mot VCM AS måtte rettast mot han.

Visste Helligsøe ingenting om vedtaka retta mot selskapet? Som han er deleigar og dagleg leiar i? Det er heva over ein kvar tvil at Helligsøe heile vegen har visst om at selskapet hans har fått desse vedtaka retta mot seg. At han kjem omtrent den dagen rekninga skal betalast og seier at det er han og ikkje selskapet vedtaka skal rettast mot er latterleg. Her har han spekulert i å vente med å fortelje kommunen om kven som eig 219/1. For det er nemleg ikkje råd å finne ut av i offentleg register. Som er vanleg i dette miljøet. Det verste med dette er at Helligsøe heilt sidan hausten 2020 har drive campingen ulovleg, og tilsynelatande hevdar at han ikkje veit noko om dette til kommunen. Same

dag som vedtaket om oppheving vart fatta(14.03.23) vart det sendt varsel om pålegg og tvangsmulkt til Helligsøe. Då vart campingplassen gjenopna, for datoen for tvangsmulka byrja å gå var ikkje før 15.03.23. Kva skal ein sei om slikt?


Eg spør meg sjølv, kva konsekvensar slik framferd kan ha for Alver kommune? Viss det er slik at ein berre kan flytta ein eigedom mellom seg sjølv og eit aksjeselskap og dermed unngå tvangsmulkt for ulovlege forhold, kan alle som driv ulovleg heisa flagget. Dette skapar ein veldig farleg presedens for alle andre slike saker i kommunen.

Hadde det no vore slik at eigarane hadde prøvd å rette opp og gjort så godt dei hadde kunne, og hadde hatt gode grunnar til kvifor dei ikkje hadde gjort slik kommunen ba om, kunne ein mogelegvis skjønna at ein gjer ein sjanse til. Men her er det så visst ikkje snakk om det. Det har vore drive ulovleg med overlegg sidan dag èin.

Når det gjeld klagerett, er det utvilsomt at dette berører oss på gards og bnr. 219/2. Me grensar til campingplassen og det er godt under 100 meter frå tunet vårt til bygga på eigedomen. Det er og planert ut plass til lagring av båtar kloss inntil driftsbyggingen vår. I tillegg køyrer mange av brukarane gjennom tunet vårt for å komme til campingen. Sjølv om det er skilta at det ikkje er lov, og at me har gitt dei beskjed om det. Me har også hatt uvedkomande på besøk nattestid, som var synleg rusa. Ingenting av dette hadde vore problem dersom campingen ikkje var i ulovleg drift. Me er òg plaga med lukt frå kloakkanlegget som sjølv sagt ikkje er godkjent. Me har også vegrett gjennom campingplassen, som me ikkje får brukt slik forholda er i dag.

Eg fekk ikkje bekrefte frå kommunen at dette var eit enkeltvedtak som kunne klagast på før 14.04.23. Difor er klaga rettidig. Sjølv om vedtaket ikkje oppga klagemoglegheit.

Vike, 25.04.2023



Torgeir Andvik